



Naturvernforbundet
Buskerud



Naturvernforbundet
Hallingdal

Bergensbanen si innkorting.

Samfunnsbygging eller magaplask?

Det er tid for ny Nasjonal Transportplan (NTP), og propagandaapparatet for bygging av Ringeriksbanen og ny E16 er godt i gang.

Hallingdølen stiller seg ukritisk bak prosjektet på leiarplass og det har vore fleire reportasjar for å fremje prosjektet.. Tysdag 16. januar har Ringhall- Alliansen, NHO og LO ein kronikk med tittelen “Bergensbanen si innkorting- samfunnsbygging eller magaplask?”, der dei dreg fram alle dei “positive” sidene ved prosjektet.

Ringhall-alliansen har som oppgave å fremje næringsinteressene i regionen.

Gruppa hevdar blant anna at prosjektet vil bidra til reduserte klimautslepp, fordi mange fleire vil velge tog i staden for fly mellom Oslo og Bergen. Dei opererer med ei reisetid på 4 timar frå Oslo til Bergen og nemner ikkje at dette vil krevje omfattande og kostbare tiltak langs heile Bergensbanen. Det er mogleg at nokre fleire vil velge tog framfor fly, men det vil også vere eit prisspørsmål. Nå er det langt billigare å ta fly enn tog, noko som vil vere avgjerande også i framtida.

Store naturinngrep

Forkjemparane for Ringeriksbanen og ny E16 ser heilt bort frå at trasevalet til regjeringa Solberg er ein katastrofe for natur og klima. Traseen skjer rett gjennom viktige fuglebiotopar, verna Ramsarområde og vil ha dramatiske og negative følgjer for alt liv i området.

.Prosjektet inkluderer bygging av ein stor motorveg, som skapar meir biltrafikk, undergrev jenbanen og fører til ekstra naturinngrep og byggeutslepp.

Gruppa hevda rvidare at prosjektet er konsekvensutgreidd etter alle kunstens reglar, og meiner at dersom prosjektet ikkje blir gjennomført vil det føre til politkarforakt.

Det stemmer at det er laga ei konsekvensutgreeting, hovudkonklusjonen i den er at tiltaket vil ha alvorlege negative følgjer for natur og miljø og føre til store klimautslepp.

Planlegging

Eit så stort prosjekt skal ha ei konseptvalutgreeting med ekstern kvalitetessikring.

Samferdselsminister Solvik Olsen hadde behov for å vise handlekraft og hoppa bukk over kravet om ei slik utgreeting. Verken politikarar eller folk flest fekk derfor grundige vurderingar av alternativa.

Frå internasjonale og nasjonale institusjonar kjem det stadig dystre rapportar om tilstanden i naturen.FN sitt naturpanel (IPBES) åtvarer mot rask utrydding av artane på jorda.1 million artar er trua av utrydding. I Desember 2022 underteikna regjeringa Naturavtalen, som forpliktar oss til ei vesentlig omlegging av all naturforvaltning, også i Norge. Naturavtalen krev også ei systematisk omstilling av økonomisk verksemd og politiske prosessar som grip inn i alle sektorar i samfunnet.

Klimautvalet 2050 tilrår eit krav om “prosjektvask” for vedtatte samferdselsprosjekt, slik at nedbygging av karbonrike område og verdifull natur blir vesentleg redusert. FRE16 er overmoden for ein slik prosjektvask.

Det kan også føre til “poltikarforakt” dersom dei folkevalde ignorerer internasjonale avtalar regjeringa har signert og utval dei sjølve har sett ned.

Kva nå? Det er eit stort etterslep på vedlikehald og utbetring av vegar og jernbane me allereie har bygd. Det er stort behov for å investere i strekninga mellom Voss og Arna, fordi både veg og jernbane er særst utsett for ras på denne strekninga. Det er forståeleg at sterke lobbygrupper, med kikkertsyn, jobbar for å få investeringar i sin region. Politikarane er utsette for eit stort press frå mange grupper. Naturvernforbundet håpar dei folkevalde står i mot presset og ikkje lar seg binde opp av uansvarlege traseval gjort av Solberg-regjeringa. Me satsar på at dei har ryggrad til å stå imot presset frå profesjonelle lobbygrupper i regionen.

Naturvernforbundet i Hallingdal - Olav Arne Løstegård

Naturvernforbundet i Buskerud - Martin Lindal